

Årsmelding for Lye søndagsskule 2010. Noahs ark og @krøll.

Søndagsskulen har som vanleg hatt samlingane sine parallelt med gudstenesta på Lye forsamlingshus, unnateke familiegudstenestene. Rundt 40 ungar +/- plar møta opp kvar gong (25 bet. medl.). Søndagsskulen er delt inn i tre: **Krabbegruppa** (0-3 år), **Noahs Ark** (3 år-4.trinn) og **@-krøll** (5.-7. trinn). Husets yngste har eit eineståande tilbod i krabbegruppa, med leik og trygt tilsyn, ofte på Ole sitt kontor. Noahs Ark og @-krøll samlar barn til ei tredelt bolk beståande av **undervisning, smågrupper** og **myldretid** m/aktivitet. I og med at gudstenesta inneheld intro til søndagsskulen med song og gjerne eit innslag som vekker interessa, kan undervisninga gå nokså rett inn i teksten, ofte ved hjelp av eit artig 'Vimselura'-besøk, medan smågruppene dreg temaet vidare gjennom bøn, samtale, forundringspose og gjerne noko å bita i eller eit søndagsskuleblad å kikka i. Tilsaman har me fire smågrupper kvar gong: Raud (førskule), grøn (1.-2. trinn), blå (3.-4. trinn) og @-krøll (5.-7.trinn). @-krøll varierer mellom å ha eiga undervisning i ungdomssalen eller å delta i Noahs Ark som held til i barnehagen. Av spesialaktiviteter etter smågruppene kan nemnast lego og idrettshall. Elles er det rikelege leike- og formingsmoglegheiter både oppe og nede.

Attåt å tena ungane i søndagsskulen, tenker me at me driv leiartrening. Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. Det er godt for oss leiarar å dela på oppgåvene, og det er godt for barna å møta trygge fang og gode auga som ser dei og som nemner barnas namn. Leiarane får prøva seg i ulike roller og barn og leiar vert kjende. Søndagsskulesamlingane vert planlagde og evaluerte på **teamsamlingar** (tre-fire måndagar i semesteret) og over mail, samt ved **rigging lørdag** og **rydding søndag**.

23.-24. januar arrangerte me **Seinkveld med overnatting** på Huset med 37 barn (2.-7. trinn), ni jenter i 8. trinn og ni vaksne. Me førebudde familieagudstenesteopptrinn og liturgideltaking (bønne-/tekstlesing). Mange strålende og nøgde barn koste seg. På nyåret arrangerte me **familiebasar**, med Inger Åsine Ueland og Lillian Hjørnevik i spissen for basardelen. Barnegospel song og alle barna som var på basaren fekk vera med på kjekk vandre-/opplevingsandakt over temaet dei fire B-ane. I mars reiste ni ungdommer og to vaksne til Oslo på **leiarkonferanse** og kom inspirerte heim. På forsommaren inviterte hovudleiar til ei årleg **sommaravslutning** for alle leiarar inkludert komande åttandeklassingar, og på ettersommaren laga den same gjengen **film** oppe ved Tjoatjørn med Salme 23 som tema. Kretsen arrangerte også i 2010 **familiemøte i kongeparken** den fyrste helga i september, så her var mange kjende å sjå frå heile fylket for dei som tok turen dit.

Desse sat i styret 2010: Jorunn Pettersen, Jorunn Ueland (til sommaren), Margunn Håvardsholm Salmelid (til sommaren), Anna Bergitte Skårland, Elise Vinsevik og Anne Gunn Dovland Vassbø. Me takker desse unike og ulike leiarane for flott innsats gjennom heile året eller deler av året: Margrethe Heggheim, Hallvard Sæbø, Anne Grete Apeland, Gerd Åshild Ueland, Janne Birgitte Ueland, Marta Harestad, Jon Yngve Liamø, Jan Herikstad, Ingvild Hjørnevik, Torill og Sæbjørn Sandsmark, Lena Siqueland, Marie Kjosavik, Kamilla Salmelid, Ingrid Bjelland, Målfrid Grødem, Vibekke Skrettingland, Mariann Bjånes, Kjellaug Wold, Åshild Hjørnevik, Eline Garpestad og Geir Einar Borgen. Mange takk òg til rekneskapsførar Tor Ueland og revisor Geir Borgen, samt dei før nemnte basaransvarlege. For Lye søndagsskule, Anne Gunn D Vassbø